

Siv Helen Husevåg  
Statoil ASA  
E-post: shhu@statoil.com

Dato: 02.12.2015  
Vår ref.: 2015/11655-1  
Saksbehandlar: oleharl  
Dykkar ref.:

## Svar på brev om innfartsparkering Straume terminal, Fjell kommune

Det blir vist til brev frå Statoil ASA v/Olav Bådsvik 04.11.2015 om innfartsparkering på Straume terminal. I brevet visar ein til at Statoil har lagt til rette for at dei tilsette ved Stureterminalen og Kollsnes prosessanlegg i Øygarden kommune skal kunne reise kollektivt frå Straume terminal til anlegga. I brevet spørjast det om det er same moglegheiter for å få tilgang til gratis/fri parkering på Straume for andre enn brukarane til Skyss, noko som er aktualisert av dei nye reglane innfartsparkeringa på Straume terminal. Statoil ynskjer å oppretthalde gratis parkering, med referanse til måla med innfartsparkering i Hordaland fylkeskommune.

Fylkestinget i Hordaland vedtok *Strategi for innfartsparkering* 11. mars 2015. Strategien skal bidra til å auke talet på kollektivreisande, samt vere med på å nå dei overordna måla om at veksten i persontransporten skal handterast med gange, sykling og kollektivtransport, som er nedfelt i *Nasjonal transportplan 2014 - 23* og *Regional transportplan 2013 – 2024*.

Målgruppa til strategien er dei arbeidsreisande som har det sentrale byområdet i Bergen som sitt målpunkt, i hovudsak på kvardagar når belastninga på vegnettet er størst. Innfartsparkering skal avlaste hovudvegssystemet inn mot Bergen og vere eit tilbod til pendlarar med avgrensa lokalt kollektivtilbod.

For å kunne halde fram med innfartsparkering på Straume har fylkeskommune etablert ei leigeavtale med Sartor senter. Innfartsparkering i senterområde tiltrekker seg i stor grad framandparkering – og for i størst mogleg grad å kunne sikre at plassane vert brukt av kollektivreisande – vert det stilt krav om oblat. Dette er i tråd med gjeldande praksis for innfartsparkering på mellom anna Os, Lagunen, Åsane og Oasen.

I brevet beskriv Statoil ASA v/Olav Bådsvik ei kollektivreise frå Straume med målpunkt i Øygarden kommune. Denne reisa er ikkje sentrumsretta. Innfartsparkeringa på Straume til målpunkt i Øygarden vil ikkje virke etter hensikta i *Strategi for innfartsparkering*. Hordaland fylkeskommune ser samstundes positivt på at Statoil legg til rette for at dei tilsette på Stureterminalen og Kollsnes kan nytte kollektivtransport til arbeid. Sjølv om ein ynskjer å støtte opp under alle tiltak som får fleire til å reise kollektiv, må ein samstundes prioritere innfartsparkering der det gjer mest avlastning på sentrumsvegnettet i rushtid. Det vert difor vurdert at det ikkje bør utstedast oblat for reisene mellom Straume terminal og Sture terminal/Kollsnes prosessanlegg, eller at innfartsparkeringa på Straume gjerast fri/gratis.

Håkon Rasmussen  
Fylkesdirektør samferdsel

John Martin Jacobsen  
leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Ernst M. Einarsen

Fjell kommune